



Fiskå med fjella i ryggen 1. juli. Området innbyr til å komponere si eiga rute i lettgått terreng.

Fiskå

Nord for Fiskå i Vanylven ligg 20 små og store fjellvatn. Frå *Sørbrandal*, *Hakallestranda* og *Sandnes* går bomvegar opp til hytter og turstiar. Rullestolar og barnevogner kan nyttast over fjellet frå Brandal til Sandvika på Hakallestranda.

1.34 Storebøra

Storebøra, høgste fjellet på halvøya, har ei bratt nordside mot *Børevatnet*. Ei merka rute går opp

frå Fjellvegen. **Lett.** Maks **1,5 t** frå **390 - 785 m**. Køyr Fjellvegen, bomveg opp til parkering. Følg skilt til Blåsenborg, like oppom er det skilta og godt raudmerka mot Storebøra. Stort sett tørr sti.

Frå **Brandalsosen**. Stigning frå 376-785 m. 8 km. Frå parkering ved Børevatnet på god sti vest for vatnet, etter kvart langs stranda, opp forbi ei hytte til ein haug før eit bratt parti i nordvestryggen på Storebøra. Nedturen kan du gjere mot aust over *Lisjebøra* og ned *Kvannskaret* til den flotte nyrestaurerte brua mellom *Kvannalsvatnet* og

Børevatnet. Siste 2 km er lett vandring over *Trollryggen* til parkeringa.

1.35 Vorakinna

Frå Vorakinna har du maks utsikt både mot Syvde og Fiskå. Enklaste ruta går frå Fjellvegen i Fiskå. **Lett** rute frå **390 - 643 m**. **1 t** opp, **5 km** tur-retur.

Start frå parkeringsplassen i enden av Fjellvegen. Raudmerka rute over Borgnyhaugen, nord for elvegjølet og langs ein fjellrygg til topps.

Børevatnet - Sandnessetra er ein lett overgang 4 km gjennom ope hytteområde. Frå 376-445-315 m, 1-2 t. Frå Brandalsosen over den flate Trollryggen, og nord for *Kvannalsvatnet*. God utsikt frå skaret for nedgang til Sandnessetra, som har bomveg frå rv 61 mellom *Eidså* og *Koparnes*.

Tunheimshornet, 260 m, er ein markert utsiktsås med lett tilkomst. Start frå andre gardstunet sør for bensinstasjonen på Tunheim, raudmerka sti.